

Hør Jørn Øyre hagen Sunde på Moster-seminaret!

20.05.2016



Jørn Ø. Sunde under den svært interessante temakvelden i Uskedal kyrkje. No kan vi høre han på Moster neste søndag.

**Styret for Moster Amfi – og Kyrkjehistoriske Senter AS har vedteke å arrangera det første offentlege seminaret for Moster 2024 – Kristenretten sundag 29.05.16 kl. 15.00 i Amfisalen. Ein ser for seg at dette seminaret vert eit årleg arrangement på veg til riksjubileum i 2024. Uskedelingen Jørn Øyre hagen Sunde, professor ved det juridiske fakultetet, Universitetet i Bergen, vert føredragshaldar.**

Som den særdeles dugande formidlaren Jørn Øyre hagen Sunde er, er nok føredraget svært interessant for mange. Vi kvinnheringane fekk ein god forsmak då han heldt føredraget '**Dei 10 bodorda - Gud og mennesket i periodar med store samfunnsendringar**' på temakvelden i Uskedal kyrkje i byrjinga av mars. Det var svært mange lovord å høyra etter den kvelden. Temaformuleringa hans på Moster er '**Frå Sinai til Siggjo. Gud og menneske i fortid og framtid.**'

Det vert også musikk ved Barbro Høyland Andersen, fløyte, og Bjarte Aadland, piano. Det vert helsing ved Beate Husa, leiar i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Svein Arne Theodorsen vert møteleiar.

Det er 90 plasser på **Moster 2024 - seminar**, mange har meldt at dei ynskjer å ta del, så arrangørane rår til at ein er snar med å melda seg på. Påmelding og meir informasjon finn de ved å [klikka inn her](#).

Elles nemner vi at Mostraspelet er heilt nytt i år. Det heiter 'I slik ei natt' og er av Svein Tindberg. Dette vert sett opp av Bømlo teater både fredag, lørdag og søndag kl.18. Det er også gudsteneste i Moster amfi om søndagen kl.15.

Det ligg altså godt til rette for ein svært innhaldsrik og interessant søndag for dei som legg turen til Moster 29.mai!

Tekst: Svein Arne Theodorsen/Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen

Nett: Thor Inge Døssland